

# Memoar.no

Alle har ei forteljing å dele



## Avtale om arkivering og bruk av videopptak.

Den \_\_\_\_\_ (dato) gjorde \_\_\_\_\_ (etter dette kalla intervjuaren)

eit videointervju med \_\_\_\_\_ (etter dette kalla forteljaren).

Opptaket var ein del av Memoar og TekstLab sitt prosjekt "Kunstnarliv" ([memoar.no/kunstnarliv/tekstlab](http://memoar.no/kunstnarliv/tekstlab)), der formålet var å samle munnleg kjeldemateriale om norske kunstnarar og norsk kunstliv i nåtid og nær fortid.

### Samtykkeerklæring:

Eg samtykker i at opptaket vert gjort, og at Memoar etterpå lagrar opptaket som videofil. Vi to - forteljar og intervjuar - har opphavsretten til opptaket, og eg skal ha ein kopi viss eg ynskjer. Når det er ressursar til det, kan Memoar laga ei stikkordsliste og eit tekstsamandrag som gir eit oversyn (dokumenterer) kva samtalen handlar om. Eg skal også få tilgang til logg og tekstsamandrag så snart dei er ferdige.

Eg samtykker i at Memoar kan avlevera originalopptaket saman med eventuell stikkordsliste og tekstsamandrag til eit norsk offentleg arkiv eller museum, og at dette arkivet eller museet får varig rett til å bruka opptaket i si faglege verksemd (utstillingar, forskning, formidling, publisering, utlån, magasinering, etc.) i samsvar med denne avtalen, norsk lov og ICOMs museumsetiske regelverk.

Eg samtykker i at det offentlege museet eller arkivet som får opptaket, kan gjera det tilgjengeleg for publikum i samsvar med Creative Commons lisens CC BY-NC-4.0. *(Den betyr at andre kan distribuera, endra, remixa, og bygga vidare på verket så lenge dei namngir forteljar og intervjuar som dei opphavlege opphavspersonane – men dei kan ikkje utnytta det kommersielt)*

Eg samtykker i at Memoar kan lage ein publiseringsversjon av opptaket der eventuelle utsagn som Memoar meiner er i strid med god presseskikk eller med norsk lov, vert fjerna.

Eg samtykker i at publiseringsversjonen kan leggjast ut på internett med eit passord som berre forteljaren kan gi vidare til andre. Når forteljaren har gitt skriftleg melding om det til Memoar, kan passordet fjernast og publiseringsversjonen delast TekstLab og andre i samsvar med Creative Commons lisen CC BY-NC 4.0.

Eg samtykker i at Memoar kan bruka innsamlings-, bevarings- og formidlingsverktøyet «[Minner.no](http://Minner.no)» i dette arbeidet.

Eg samtykker i at når eg sjølv ikkje lenger kan gi forskarar, kuratorar, forfattarar, filmskaparar eller andre med aktverdige formål, lov til å bruke opptaket eller deler av det i sitt arbeid, kan Memoar eller den arkivaren som har mottatt opptaket forvalta mine opphavsrettar på mine vegner.

***Dersom noko av det som står over ikkje er omfatta av mitt samtykke, har eg stroke over det med hand.***

Stad og dato:

Underskrift forteljar

Namn:

F.dato:

Underskrift intervjuar frå Memoar

Namn:

F.dato: